

# Lokal plan for trafikkopplæring SINNES SKULE



# Lokal plan for trafikkopplæring

<b>Kort om Sinnes skule</b>	<b>3</b>
Målsetting	3
<b>Retningsliner for turar</b>	<b>4</b>
Til fots	4
På sykkel	4
Med buss	4
Sjekkliste for lærar ved fot-/sykkeltur	5
Ulukker på tur - kriseperm/tiltakskort?	5
<b>Læreplanen</b>	<b>6</b>
Kompetansemål frå læreplanen etter 4. trinn	6
Kompetansemål frå læreplanen etter 7. trinn	6
Kompetansemål i naturfag frå læreplanen etter 10. trinn	6
Grunnleggande dugleikar i trafikkopplæringa	7
<b>Trafikkopplæring</b>	<b>8</b>
Trygg trafikk tilrår følgjande progresjon i trafikkopplæringa:	8
Trafikkopplæring ved skulen	8
<b>Foreldresamarbeid</b>	<b>10</b>
Plan for foreldremøte ved skulestart	10

# Kort om Sinnes skule

Sinnes skule er ein 1-10-skule med eit trygt miljø for elevane der alle kjenner kvarandre, der elevane blir sett av dei vaksne og der alle møter kvarandre med gjensidig respekt.

Skulen ligg i flotte omgjevnader med mykje bruk av nærområdet. Det er stor breidd i den pedagogiske kompetansen, og det er lett å arrangera ekskursjonar og overnattingsturar, gjerne til fots eller på sykkel. Til og frå skulen er det mange som tar skulebuss, medan dei som bur nære, går eller syklar på sykkelsti.

## Målsetting

Målet er at ingen elevar eller vaksne skal bli skadde eller drepne i trafikken. For å nå dette målet må elevane ha kunnskapar, dugleikar og positive haldningar til ansvarleg åtferd i trafikken. Føresette må bidra med gode haldningar og trafikksikker utrusting av elevane, støtta elevane si opplæring, vera varsame i trafikken og hindra at det oppstår trafikkfarlege situasjonar før, under og etter skuletid. Må ein bruka bil, nyttar ein parkeringsplassen nord for fotballbanen. Blir elevane køyrde/henta på skulen av foreldre/føresette, må ein nyitta parkeringsplassen nord for fotballbanen.

Tilsette som køyrer inn på skuleplassen, må rygga bilen inn og parkera. Andre, SMOK og reingjeringspersonale, må nyitta parkeringa nord for fotballbanen.

Kriteria for å vera ein trafikksikker skule er delt i tre, med trafikktryggleik, trafikkopplæring og samarbeid heim - skule.

### Trafikktryggleik generelt:

- Skulen gjev, i samarbeid med FAU, tilrådingar til føresette om sykling til skulen.
- Skulen har utarbeidd rutinar for å ta vare på tryggleiken på turar til fots, på sykkel, i bil og med kollektivtransport i regi av skulen.

### Trafikkopplæring:

- Skulen har integrert trafikkopplæringa i den lokale læreplanen/årsplanen i tråd med kompetansemåla i Kunnskapsløftet og frå 2020 i fagplanar.

### Samarbeid mellom skule og heim:

- Skulen sin læreplan for trafikk er årleg tema på foreldremøte
- Foreldra blir involverte i trafikktryggleiksarbeidet, m.a. påbod av sykkelhjelm, til skulen, t.d. gjennom FAU og under "Beintøft"-aksjonen kvar haust.
- Tilsette og føresette må gå føre som eit godt døme ved å bruka refleks og sykkelhjelm, og snakka med barna om trafikk.

Skulen må i tillegg ha gode rutinar for å sikra at dei tilsette følgjer planane, og må dokumentera rutinar, årsplanar i fag og plan for foreldremøta med trafikk som tema for å bli godkjent som trafikksikker skule.

# Retningsliner for turar

Dersom turar/reiser føregår i skuletida, som ein del av undervisinga, er dette skulen sitt ansvar, og det skal først forsvarleg tilsyn med elevane. Elevane er forsikra etter lov om yrkesskader. Elevane er ikkje forsikra ved tap eller skade på eidedelar, men kan søkja skulen om dekking av dette i enkelte tilfelle. Elevane kan bli stilte til ansvar for skader forårsaka på andre sine eigendelar eller eigedom, avgrensa opp til kr. 5000,-, jf. § 1-1 Lov om skadeserstatning.

Om skulen/lærar nyttar privatbilar, skal føresette ha gitt skriftleg samtykke til dette, jf. Visma flyt skule. Det same gjeld om ein skal bada på turar, og den/dei vaksne må ha avlagt godkjent livredningsprøve, ikkje eldre enn eit år, og ein vaksen kan ikkje ha ansvar for meir enn 15 elevar.

Dette skal lærarane ha med på tur:

- Førstehjelpsutstyr/små førstehjelpspakkar
- Mobiltelefon
- Kasseliste med namn og telefonnummer til føresette.


Kroppsøvingsseksjonen har ansvar for at utstyret er i orden, dvs. to små førstehjelpsvesker som alltid er oppdaterte.

## Til fots

- Gå fint i samla flokk på høgre side på gang- og sykkelsti framfor læraren, og følgja dei beskjedar ein får.
- Bruka gang- og sykkelsti der dette er mogleg.

## På sykkel

- På sykkel skal elevane bruka hjelm og refleksvest, anten det er til og frå skulen eller på sykkeltur i undervisingstida. (Ekstra refleksvestar om naudsynt ligg i kasse i lærargarderobe.)
- Syklane skal vera i føreskriftsmessig stand, og dette er dei føresette sitt ansvar. Påbode utstyr på sykkel er ringjeklokke, lys, refleks og to separate bremser.



## Med buss

- Når du ventar på bussen, står du heilt roleg til bussen har stansa heilt opp.
- Du går pent og roleg inn i bussen, og dei yngste elevane kan godt få gå først.  
Har du med sekk, gymbag eller liknande, plasserer du dette på golvet framføre deg eller på fanget.
- Det er påbode å brukha bilbelte i buss når det er montert.
- Du skal sitja i ro i setet så lenge bussen er i fart, og setebeltet skal vera på heilt til bussen har stansa.

- Du går fint og roleg ut av bussen, og ventar med å kryssa vegen til bussen har køyrt.
- Du respekterer og følgjer alltid sjåføren sine beskjedar.
- Elevane skal gjerast medvitne om kor viktig det er med trygg åtferd på haldeplass og i buss.
- Det er bussvakter på busshaldeplassen ved skuleslutt.

## Sjekkliste for lærar ved fot-/sykkeltur

- Kor skal turen gå?
- Er det farlege/vanskelege punkt på turen?
- Korleis sikrar me ev. desse?
- Kor kan ein ha oppsamlingsplassar/venteplassar?
- Kor mange elevar har me med, og kor mange vaksne treng me?
- Er det gitt informasjon heim om turen?
- Har leiinga fått informasjon, munnleg eller pr. SMS, om turen?
- Kven går først og sist?
- På sykkeltur: Har alle hjelm?

## Ulkukker på tur - kriseperm/tiltakskort?

Dei tilsette kan grunnleggande førstehjelp og har oppfriskingskurs annakvart år. Tiltakskort ligg i raud kriseperm på personalrommet.

# Læreplanen

I overordna del av læreplanen står det mellom anna at skulen skal rusta barn til å møta livets oppgåver og meistra utfordringar saman med andre. Han skal gje kvar elev kunnskap til å ta hand om seg sjølv og sitt liv. Vidare står det at opplæringa må tilføra haldningar og kunnskap som varer livet ut og læra dei unge å sjå framover og øva evnen til å treffa val med fornuft. Læreplanen dannar eit grunnlag for at alle barn og unge skal få ei felles, kontinuerleg og god trafikkopplæring, men dette må følgjast opp ved den enkelte skule.

## Kompetanse mål frå læreplanen etter 2. trinn

- Elevane skal øva på trygg ferdsel i trafikken. (Frå læreplan i kroppsøving)  
**Nytt kompetanse mål med K-20.**

## Kompetanse mål frå læreplanen etter 4. trinn

- Elevane skal kunne følgja trafikkreglane for fotgjengerar og syklistar.  
(Frå læreplan i kroppsøving) **blitt endra etter K-20 til Elevane skal kunna forstå og følgja trafikkregler.**
- Gjera samfunnsfaglege undersøkingar som krev teljing og rekning, og presenterer desse undersøkingane. (Frå læreplanen i samfunnsfag)
- Laga ei oversikt over reglar som regulerer forholdet mellom menneske, og konsekvensar ved å bryta normene. (Frå læreplan i samfunnsfag)

## Kompetanse mål frå læreplanen etter 7. trinn

- Elevane skal kunna praktisera trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.  
(Frå læreplan i kroppsøving) **Dette målet er fjerna i K-20.**

## Kompetanse mål i naturfag frå læreplanen etter 10. trinn

- Elevane skal gjera greie for korleis trafikktryggleiksutstyr hindrar og minskar skadar ved uhell og ulukker.
- Elevane skal gjera rede for omgrepa fart og akselerasjon, måla storleik med enkle hjelpemiddel og gje eksempel på korleis kraft er knytta til akselerasjon.
- Elevane skal følgja tryggleikstiltak som er beskrive i HMS-rutinar og gjera risikovurderingar.

## Grunnleggande dogleikar i trafikkopplæringa

### Å kunna uttrykka seg munnleg og skriftleg:

- kunna forklara ord og uttrykk knytta til temaet trafikk
- kunna formidla haldningar og inntrykk frå opplevingar, aktivitetar og oppgåver
- kunna argumentera for trafikktryggleik

### Å kunna lesa:

- kunna lesa skilt i trafikken
- henta, tolka og forstå informasjon frå faglege tekstar, for eksempel frå opplæringsmateriell frå Trygg Trafikk

### Å kunna rekna:

- ha kjennskap til måleiningane meter, km, mil, sekund, minutt og time
- kunna namna på dei ulike geometriske formene til skilt, og bruk enkel statistikk for å synleggjera teljingar og registreringar i trafikken
- ha forståing for tid, lengd og avstand i trafikken
- kunna registrera data og bruk statistikk for å synleggjera undersøkingar i trafikken

### Å kunna bruka digitale verktøy:

- kunna orientera seg og bruk oppgåver på ulike nettstader

# Trafikkopplæring

Trygg trafikk tilrår følgjande progresjon i trafikkopplæringa:

- 1. trinn: Trafikktraining i skulen sitt nærområde
- 2. trinn: Enkle trafikkreglar på skulevegen: Gåløype, gåprøve
- 3. trinn: Undersøkingar av eigen skuleveg, teljingar og registreringar
- 4. trinn: Trafikkreglar/førebuande sykkelopplæring, enkel teori og trening i trygge omgjevnader/trening på sykkel i enkel trafikk saman med vaksne
- 5. trinn: Trening på sykkel i enkel trafikk saman med dei vaksne
- 6. trinn: Teori og trening på sykkel i krevjande trafikk
- 7. trinn: Sjølvstendig sykling i trafikken

## Trafikkopplæring ved skulen

[Trafikkboka](#) frå Trygg Trafikk blir kjøpt inn og brukt i undervisinga på 1.-4. trinn.

Klasse	Aktivitet	Mål
1	<ul style="list-style-type: none"><li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li><li>• Samtala om skulevegen og kva dei må passa seg for jamleg gjennom året</li><li>• <a href="#">www.tryggtrafikk.no</a>: Oppgåver quiz. Bruk lenka til Barnas Trafikklubb og gjer oppgåver der</li></ul>	Elevane skal kunna gå trygt i ei stor gruppe i trafikken og kunna refleksbruk
2	<ul style="list-style-type: none"><li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li><li>• Fotturar i nærområdet</li><li>• <a href="#">www.tryggtrafikk.no</a>: Oppgåve om trafikantar. I Barnas Trafikklubb kan ein bruka oppgåva ABC.</li></ul>	Elevane skal læra å følgja trafikkreglar for fotgjengrar, og vita korleis ein skal oppföra seg i og utanfor bussen
3	<ul style="list-style-type: none"><li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li><li>• <a href="#">www.tryggtrafikk.no</a>: Oppgåve om trafikklys og skilt</li><li>• <a href="#">www.barnastrafikklubb.no</a><ul style="list-style-type: none"><li>◦ <a href="#">Historia om lyset</a></li><li>◦ <a href="#">Trafikkspel</a></li><li>◦ <a href="#">Musikkvideo: Se og bli sett</a></li></ul></li></ul>	Elevane skal erfara kor viktig det er med refleks for at ein fotgjengar skal bli sett i trafikken. Dei skal òg vita kva ein må tenkja ekstra på i trafikken om vinteren. Dei skal kunna trafikkskilt som finst på skulevegen
4	<ul style="list-style-type: none"><li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li><li>• Dekkja følgjande kompetansemål frå læreplanen i kroppsøving: Elevane skal kunna følgja trafikkreglane</li></ul>	Elevane skal kunna trafikkreglar for gåande og syklistar, kunna rett bruk av

	<p>for gående og syklistar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sykkeldag med sykkelpørve i mai (kroppsøving)</li> <li>• "Trå til"-sykkelmateriell for 4. trinn kan brukast</li> <li>• <a href="http://www.tryggtrafikk.no">www.tryggtrafikk.no</a>: Meir om skilt/aktive skulebarn/refleksspelet og oppgåve 1 for 5.-7.trinn om utstyr på sykkelen: "Sykkel 1"</li> </ul>	sykkelhjelm, kunna tekniske dugleikar som blir kravd for å ferdast trygt med sykkel i trafikken, åleine og i gruppe
5	<ul style="list-style-type: none"> <li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li> <li>• Praktisera trygg bruk av sykkelen som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand</li> <li>• "Trå til"-sykkelmateriell frå Trygg Trafikk kan brukast</li> <li>• Det ligg mange gode snuttar på youtube frå Trygg Trafikk: <a href="https://www.youtube.com/results?search_query=trygg+trafikk">https://www.youtube.com/results?search_query=trygg+trafikk</a></li> <li>• Demonstrera "egghjelmtesten" (youtube)</li> <li>• <a href="http://www.tryggtrafikk.no">www.tryggtrafikk.no</a>: Oppgåvene kan gjerast av kvar elev eller i felles undervising</li> </ul>	Elvane skal kunna praktisera trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel
6	<ul style="list-style-type: none"> <li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li> <li>• Praktisera trygg bruk av sykkelen som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand</li> <li>• "Trå til"- materiell frå Trygg Trafikk kan brukast</li> <li>• <a href="http://www.tryggtrafikk.no">www.tryggtrafikk.no</a> Framleis fokus på hjelmbruk</li> </ul>	Elevane skal kunna noko om enkelt vedlikehald av sykkel
7	<ul style="list-style-type: none"> <li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li> <li>• "Trå til"- materiell frå Trygg Trafikk kan brukast</li> <li>• <a href="http://www.tryggtrafikk.no">www.tryggtrafikk.no</a>: Framleis fokus på hjelmbruk</li> <li>• Samtala rundt haldningar i trafikken. Bruka relevant litteratur.</li> <li>• Gjennomføra trafikkteljing, jf. følgjande mål frå Kunnskapsløftet: Kompetansemål i matematikk: <i>Mål for opplæringa er at eleven skal kunna planleggja og samla inn data i samband med observasjonar, spørjeundersøkingar og eksperiment og manuelt, og lesa, tolka og vurdera kor nyttige dei er.</i> Kompetansemål i norsk: <i>Eleven skal kunna presentera fagstoff munnleg med mottakarmedvit med eller utan hjelpemiddel.</i> KRLE: Etikk og verdiar</li> </ul>	Elevane skal kunna kjenna godt til trafikkfarlege stader i nærområdet
8	<ul style="list-style-type: none"> <li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li> </ul>	
9	<ul style="list-style-type: none"> <li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li> </ul>	

10	<ul style="list-style-type: none"> <li>• "Beintøft"-aksjon ved skulestart og markering av <a href="#">refleksdagen</a> i oktober</li> <li>• Fadrar kan bli med 1. klasse på tur og vera gode rollemodellar for medelevane</li> </ul>	
----	--	--

## Foreldresamarbeid

Trafiksikker skule og denne planen vert tatt opp på konstitueringsmøte i FAU og SMU

### Plan for foreldremøte ved skulestart

Innskriving	Informera om sykkelbruk og at sykkelen er i føreskriftsmessig stand. Senda med eige informasjonsskriv.
1. trinn	Korleis oppføra seg på veg til og frå skulen. Bruk av refleks og utdeling av refleksvest (refleksdagen 17. oktober)? Informera om sykkelbruk og at sykkelen er i føreskriftsmessig stand på heile småkulen. Senda med eige informasjonsskriv 2.-4. klasse.
2. trinn	Korleis oppføra seg på veg til og frå skulen og på skulebussen Bruk av refleks/refleksvest
3. trinn	Korleis oppføra seg i trafikken Bruk av refleks/refleksvest
4. trinn	Korleis oppføra seg på sykkel Bruk av sykkelhjelm Kva ein føreskriftsmessig sykkel er
5. trinn	Korleis oppføra seg på sykkel Bruk av sykkelhjelm Kva ein føreskriftsmessig sykkel er
6. trinn	Bruk av sykkelhjelm Kva ein føreskriftsmessig sykkel er og korleis vedlikehalda han
7. trinn	Bruk av sykkelhjelm Refleksjon rundt haldningar i trafikken og trafikkfarlege stader på skulevegen
8. trinn	Refleksjon rundt haldningar i trafikken og trafikkfarlege stader på skulevegen Korleis vera gode rollemodellar (voksen - barn, ungdom - medelevar)
9. trinn	Refleksjon rundt haldningar i trafikken og trafikkfarlege stader på skulevegen Korleis vera gode rollemodellar (voksen - barn, ungdom - medelevar)
10. trinn	Refleksjon rundt haldningar i trafikken og trafikkfarlege stader på skulevegen Korleis vera gode rollemodellar (voksen - barn, ungdom - medelevar)